



# Høyring om skulestrukturen i Sykkylven kommune



05.02.2010

## Innhald:

1.	Høyring om endring av skulestruktur.....	3
	Saksgang .....	3
	Høyringsdokumentet.....	3
2.	Bakgrunn for vurdering av skulestruktur .....	5
	Økonomi.....	5
	Skulestruktur, stabile tilhøve.....	5
	Likeverdig skuletilbod.....	5
	Skulestorleik.....	6
	Endringar i elevtal og busetting.....	6
	Folketal i Sykkylven fram mot 2030 .....	6
	Elevtalsutvikling i skulekrinsane .....	8
	Rekruttering/ kompetanse .....	8
	Læringsmiljø.....	9
	Fagmiljø .....	9
	Skulebygg og læringsmiljø.....	9
	Skulen sin plass i lokalmiljøet.....	10
	Skulefritidsordning.....	10
	Skuleskyss .....	10
3.	Kvalitet i skulen.....	12
	Definisjonar og sentrale moment i vurdering av skulestruktur .....	12
	Vurdering av kvalitet. Tenesteanalyse for grunnskulen i Sykkylven.....	12
	Kommentarar til Tenesteanalysen.....	15
4.	Korleis nytte samla økonomiske rammer innanfor barneskulane optimalt? .....	17
	Korleis vert dei samla økonomiske ressursane til barneskulane i kommunen nytta i dag?.....	17
	Ny ressursmodell.....	18
5.	Ulike modellar for organisering av barneskulane i kommunen.	
	20	
	Strukturendringar og økonomi .....	21
	Kostnadsanslag investering .....	21
	Kostnadsanslag undervisning etter ressursmodellen .....	21
	Kostnadsanslag transport - døme.....	22
	Ny bruk av skulebygg.....	22
	Oversikt over samla investeringsbehov, renter og avdrag og innsparingar av undervisningskostnader (etter ressursmodellen) ved ulike modellar .....	23
	Oversikt over innsparingar / kostnadsauke for ulike modellar samanlikna med i dag (2009) .....	23
	Oppsummering .....	25
	Føringar for val av struktur.....	25
	VEDLEGG 1 .....	29

---

# 1. Høyring om endring av skulestruktur

---

Utgangspunktet for saka er vedtak i kommunestyret i samband med handsaming av budsjett 2009 - PS 141/08 der administrasjonen vart oppmoda om å lage sak om "Skulestruktur. Fokus på kvalitet i skulen og kor ein skal nytte samla økonomiske rammer innanfor barneskuletenestene optimalt."

I løpet av året 2009 er det fremma fleire saker som vedkjem temaet:

- Vurdering av skulestruktur- Ramstaddal skule
- Vurdering av skulestruktur- Hundeidvik skule
- Ny Sørestranda skule
- Tenesteanalyse for grunnskulen i Sykkylven 2009
- Plan for arbeid med kvalitet i grunnskulen 2009-2011 (kompetanseutvikling)
- Sak om skuleskyss
- Ressursmodell for grunnskulen
- Organisering av barneskulane i kommunen

## Saksgang

Formannskapet har no bede administrasjonen utarbeide eit høyringsnotat om skulestruktur. Høyringsinstansane er FAU, samarbeidsutvala ved skulane, elevråda og organisasjonane til undervisningspersonalet. Det blir også opna for at andre institusjonar eller organisasjonar kan kome med uttale.

I etterkant av denne høyringa vil det bli fremma sak for politisk handsaming. Innspela frå høyringane vil bli lagt ved saka.

Politikarane skal i denne omgang gjere eit prinsippvedtak om korleis skulestrukturen skal vere i framtida. Dersom dette inneber at skular i framtida kan bli lagt ned, skal det avgjerast gjennom eigne saker. Eventuell endring av opptaksområde kan fastsetjast i forskrift, jmf. Opplæringslova § 8-1 og Forvaltningslova kap. 7.

## Høyringsdokumentet

I dette dokumentet gjer rådmannen greie for bakgrunnen for vurdering av skulestruktur. Kvalitet i skulen er tema for analyse sett opp mot korleis ein nyttar samla økonomiske rammer til barneskulane i dag. "Kunnskapsløftet" har tilført skulane nye og krevjande oppgåver. Ikkje minst er utfordringane store i forhold til elevmangfaldet, dette gjeld både innvandrarar og etnisk norske nordmenn. Dei tilgjengelege ressursane strekk ikkje til. Spørsmålet blir korleis ein kan nytte samla økonomiske rammer innanfor barneskulane meir effektivt? Like viktig blir det å finne fram til gode modellar som kan gi eit likeverdig og pedagogisk godt tilbod til alle elevar i kommunen.

I kapittel 5 er det presentert ulike modellar for organisering. For å kunne gjere samanlikningar mellom modellane er det nytta anslag over investeringsbehov for å oppgradere bygga til å støtte dagens myndigheitskrav og kostnadsanslag for undervisning: kor mange stillingar vil dei ulike modellane utløyse med utgangspunkt i "ressursmodellen", samanlikna med ressursar til dagens skulestruktur utrekna etter den same ressursmodellen"? Kva er innsparingspotensialet ved kvart alternativ?

Transportkostnader er vanskelegare å anslå for så mange modellar, men det er gitt døme på stipulerte meirkostnader for nokre av skulane.

Det er elles verdt å merke seg at kostnadsanslaga i høyringsnotatet er bygd på ein forenkla modell. Modellen kan syne for høge eller for låge tal, men det er grunn til å tru at innbyrdes skilnader mellom ulike modellar vil vere tilnærma rett.

Høyringsuttalar skal sendast til: Postmottak, Sykkylven kommune, Kyrkjevegen, 6230 Sykkylven

e-post: [postmottak@sykkylven.kommune.no](mailto:postmottak@sykkylven.kommune.no)

Høyringsdokumentet ligg på kommunen si heimeside: [www.sykkylven.kommune.no](http://www.sykkylven.kommune.no)

Høyringsfrist: 21.mars 2010

Sykkylven, 05.02.2010

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann

Eldrid Suorza  
kommunalsjef

---

## 2. Bakgrunn for vurdering av skulestruktur

---

### Økonomi

Den økonomiske situasjonen til kommunen krev at drifta må reduserast både i 2010 og i åra framover. Dette kan føre til at ressursituasjonen også for skulane vert dårlegare dei næraste åra. Sykkylven kommune har i dag ein svært desentralisert skulestruktur med åtte barneskular. Utan å gjere noko med skulestrukturen, vert det etter rådmannen si vurdering ikkje mulig å oppretthalde driftsrammer som dekkjer eit forsvarleg undervisningstilbod for alle elevar, med mindre det vert ei omfordeling av ressursane innan kommunen si samla økonomiske ramme.

### Skulestruktur, stabile tilhøve.

Det vert hevda at stadige trugslar om skulenedleggingar fører til uro og frustrasjon rundt om i kommunen. Politisk debatt om skulestruktur har "lagt på is" i mange år. Det er behov for å vurdere den samla strukturen i kommunen på nytt. Vurderingane må gjerast på bakgrunn av både demografiske, økonomiske, bygningsmessige, pedagogiske og andre samfunnsøkonomiske tilhøve.

Mest av alt må ein ha i fokus skulen som opplæringsinstitusjon; korleis gi elevane våre dei mest optimale og likeverdige læringsvilkår med dei økonomiske rammene kommunen til ei kvar tid har til disposisjon?

For å skape stabile tilhøve for både elevar, føresette, tilsette i skuleverket og for å unngå utmattande debattar og kamp mellom grendene og mellom grendene og sentrum, bør kommunestyret seie noko om kor mange skular det skal vere i kommunen på kort og lengre sikt. Kommunestyret bør også seie kvar desse skulane skal lokaliserast. Om mogleg kan ein sette eit tal på kor få elevar ein skule kan ha før skulen si framtid vert gjenstand for ny vurdering.

### Likeverdig skuletilbod

Eit likeverdig skuletilbod i heile kommunen, tyder ikkje at tilbodet skal vere likt, men det skal vere utjamnande og opplevast rettferdig for brukarane. Likeverdet gjeld både for enkelteleven og mellom skulane. Likeverd handlar ikkje berre om økonomi, men også om elevane sine muligheter til eit godt, tilpassa læringsmiljø, høve til vaksenkontakt og til sosial utvikling i samvær med barn på same alder. Vi har i dag 8 barneskular og ein ungdomsskule / opplæringsssenter i kommunen. Elevtalet i barneskulane har slik fordeling (Kjelde: GSI pr. 01.10.2009):

1 skule med meir enn 150 elevar	(Aure 186)
3 skular med elevtal mellom 100-150	(Ullavik 146, Vik 119, Jarnes 109)
1 skule med elevtal mellom 50-100 elevar	(Tandstad 73)
3 skular med elevtal på/under 50	(Hundeidvik 50 , Velledalen 34, Ramstaddal 23)

Tabell 1. Elevtal skuleåret 2009-2010

		1.trinn	2.trinn	3.trinn	4.trinn	5.trinn	6.trinn	7.trinn
Aure	186	20	20	23	34	39	20	30
Ullavik	146	25	12	28	21	26	18	16
Vik	119	14	25	12	15	19	19	15
Ramstaddal	23	5	1	6	0	2	2	7
Tandstad	73	10	6	12	8	9	14	14
Velledalen	34	3	5	6	5	9	3	3
Jarnes	109	15	15	17	21	14	18	9
Hundeidvik	50	8	4	14	10	4	5	5
SUM	740	100	88	118	114	122	99	99

- Grenser for deling; gruppa skal delast dersom det er
- fleire enn 12 elevar når det er fire årskull eller meir i klassa
  - fleire enn 18 elevar når det er tre årskull i klassa
  - fleire enn 24 elevar når det er to årskull i klassa
  - fleire enn 28 elevar når det er eitt årskull

Fulldelte skular:	Aure skule, Ullavik skule, Vik skule, Jarnes skule				
Få-delte skular:	Tandstad skule er 5 delt:	(1 kl , 2 - 3 kl, 4 - 5 kl, 6, 7 kl)			
	Hundeidvik skule er 4 delt:	(1. - 2. kl, 3 kl, 4. - 5 kl, 6 - 7 kl.)			
	Velledalen skule er 3 delt:	(1. - 2. kl, 3. - 4. kl, 5. - 7. kl)			
	Ramstaddal skule er 2 delt	(1.-4.kl. og 5.-7.kl.)			

## Skulestorleik

Det er opp til kommunane sjølve å vurdere spørsmålet om kor små eller store skulane kan/bør vere. Dette må vurderast opp mot det pedagogiske tilbodet og reisetida for elevane. I Opplæringslova heiter det at "det til vanleg ikkje bør skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar". Dette er ikkje ei absolutt grense. Med god fysisk tilrettelegging av bygningar og uteområde kan ein godt ha skular med fleire elevar.

Gjennomsnittleg elevtal i grunnskulen i Noreg utanom Oslo (inkl. ungdomsskulen) er 194 elevar. I Sykkylven er dette snittet 118 elevar (inkl. ungdomsskulen) Gjennomsnittleg elevtal i barneskulen i Sykkylven er 92,5.

## Endringar i elevtal og busetting

Endringar i elevgrunnlag og behov for betre bruk av økonomiske rammer er dei viktigaste årsakene til at rådmannen vil sjå nærare på skulestrukturen i kommunen. Prognosane for folketalsutviklinga syner at det truleg vil bli nedgang i elevtalet ved mange av skulane i åra framover. Dersom ein ikkje ser moglegheiter for å snu denne utviklinga, vil det vere naturleg å vurdere framtida for fleire av skulane.

Tabell 2. Befolkningsprognose 2008-2020<sup>1</sup>

Kommune	Innbyggjarar 6-15 år			Endring 6-15 år	
	2008	2015	2020	tal	%
1528 Sykkylven	1061	1014	937	-124	-12 %

## Folketal i Sykkylven fram mot 2030

Sykkylven kommune har hatt god auke i folketalet dei siste 50 åra. Framtidsutsiktene er også gode for regionen vår. Med framleis sterk auke i folketalet i Ålesund, vil Sykkylven auke med, om enn noko svakare enn byen. Prognosen fram til 2030 med middels vekst (MMMM) tilseier sterk vekst i Ålesund (over 5%) og ein svak til moderat vekst i Sykkylven (0-5%).


Hovudalternativet middels vekst (MMMM) tilseier at folketalet i kommunen aukar med 621 personar fram til 2030, frå 7491 i dag til 8112 i 2030.

Tilsvarande tal for høg vekst er 1268 fleire personar og eit folketal på 8759 i 2030, medan låg vekst vil gi 55 færre personar og eit folketal på 7436 i 2030.

I det følgjande er det sett nærare på utviklinga for dei tre yngste aldersgruppene ut frå hovudalternativet middels vekst (MMMM) frå SSB.

#### 0-5 år

Denne gruppa vil ha nokolunde stabil utvikling i åra framover. I 2008 er det 552 born i denne gruppa. Alle vekstalternativa syner ei samanfallande utvikling dei første åra med ein svak nedgang fram til 2011 (om lag 10 born), deretter ein liten auke i 2012, for så å gå attende til 2011-nivået året etter. Frå 2012 ser ein berre ei svak auke framover til ein i 2030 er tilbake på om lag same nivå som i dag.



#### 6-12 år

Frå 748 born i 2008 vil denne gruppa minke med over 80 born dei neste 7 åra (664 born i 2015). Her viser alle alternativa omlag samanfallande negativ utvikling fram til 2015. Alternativet middels vekst gir deretter ei meir stabil utvikling fram mot 2030.

#### 13-15 år

Frå 313 born i 2008 forventar ein auke til 350 i 2015, altså nær 40 fleire born i denne gruppa. Etter dette syner alle utviklingsalternativa reduksjon fram til 2021. Då vil ein vere nede i 277 born, altså ein reduksjon på over 70 born på 5 år. Etter 2021 vil gruppa stabilisere seg på om lag 280, føresett middels vekst.

#### Vekst i framtida

Forventa auke i folketalet framover finn vi altså ikkje i dei yngste gruppene. Først og fremst er det godt vaksne og pensjonistar som vil stå for folketalsauken.


#### Fordeling i kommunen

Folketalsframskrivingar vert berre gjort for heile kommunen. Historiske tal syner utviklinga som har vore fordelt på ulike krinsar.

Over den siste 10-årsperioden har den største veksten kome i Ullavik-Aure og på Jarnes, med høvesvis 227 og 102 fleire personar i 2008 enn 1999.

Hundeidvik har auka med 31, Velledalen med 19 medan Straumgjerde er om lag uendra.

Vik og Ramstaddal har hatt reduksjon i folketalet med høvesvis 61 og 41 personar mindre i same periode.



Folketellinga i 2001 synte at i aldersgruppa 0-16 år er om lag 84% busett i tettbygde strok, dvs. Straumgjerde, Ikorntnes og sentrum.

Mange faktorar påverkar desse tala. Mellom anna må dei sjåast i lys av når og kvar det har vore store utbyggingar. Ny-etableringane på Grebstad siste åra gir eit vesentleg bidrag til veksten i sentrum. Byggefelta i Vikedalen er eldre og opplever ein naturleg reduksjon ettersom mange born vert vaksne og flyttar.

I samband med rullering av sentrumsplanen vart det lagt til grunn at om lag 80% av nyetableringa i kommunen vil kome i det vi kallar det utvida sentrumsområdet, dvs. Aursnes – Vik – Ikorntnes. Om lag 10% er forventa i Straumgjerde, medan resten vert spreidd busetting.

Grunngjevinga for denne vurderinga i sentrumsplanen er både ei faktisk utvikling i Sykkylven, og generell utvikling i samfunnet der ein ser ei auka sentralisering på ulike geografiske nivå. Unge i etableringsfasen ynskjer no i større grad enn før å bu sentralt, anten ein ser på ein liten kommune som Sykkylven, eller ein ser på større regionar eller heile landet under eitt.

## Elevtalsutvikling i skulekrinsane -7 årgangar, fødde t.o.m.2008

(Kjelde: Folkeregisteret)

Tabell 3.

Fødselsår/ skulestart	Aure	Ullavik	Vik	Ram- stad- dal	Tand- stad	Velle- dalen	Jarnes	Hund- eidvik	Sum
02 / 08	21	12	23	1	7	5	16	4	89
03 / 09	20	25	14	5	10	3	15	8	100
04 / 10	20	26	16	1	6	3	14	11	97
05/ 11	12	15	13	3	6	4	19	3	75
06/ 12	27	16	14	1	8	12	21	3	102
07 / 13	16	25	19	2	5	2	10	6	85
08/ 14	17	23	14	3	9	8	14	5	93
SUM	133	142	113	16	51	37	109	40	641

	Aure	Ullavik	Vik	Ram- stad- dal	Tand- stad	Velle- dalen	Jarnes	Hund- eidvik	Sum
Elevtal pr. 01.10.09	186	146	119	23	73	34	109	50	740
Differanse 2009 -2014	-53	+4	-6	-7	-22	-3	0	-10	-99

Som ein ser vil elevtalet gå sterkt ned dei komande åra. Det er elles verdt å merke seg at flyttingar til kommunen og flyttingar mellom krinsane kan endre tala mellom krinsane

## Rekruttering/ kompetanse

Av 122 tilsette i barneskulane ved årsskiftet 2008-2009 var aldersfordelinga slik:

53 personar under 50 år

42 personar mellom 50-59 år

27 personar over 60 år

For 56 tilsette ved ungdomsskulen var tilsvarende fordeling:

25 personar under 50 år

16 personar mellom 50-59 år

15 personar over 60 år

Oversikta viser at det vil bli ei relativt omfattande utskifting av lærarar i dei næraste åra. Utfordringa med å rekruttere nye tilsette vert stor i undervisningssektoren, når ein vurderer det store talet på tilsette over 60 år (42 tilsette) og tilsette mellom 50-59 år(58 tilsette).I Møre og Romsdal er 2000 lærarar over 55 år.

I løpet av få år kan vi få stor mangel på lærarar i Møre og Romsdal. Dette var budskapet frå rektor ved Høgskolen i Volda til fylkesutvalet 26.okt.2009. (Sunnmørsposten 27.10.09). "Grunnen er at så få vil utdanne seg til lærarar og at mange lærarar om få år blir pensjonistar. Det er eit kollossalt gap mellom etterspørselen etter lærarar og dei som tek lærarutdanning. Det er først og fremst distrikta som vert råka av lærarmangelen. Konsekvensen kan bli ei storstilt nedlegging av distriktsskular".

Også Sykkylven kan bli råka av lærarmangel om få år. Ein desentralisert skulestruktur med små skular treng ikkje vere ein fordel i kampen om arbeidskrafta, kanskje tvert om.

Frå 2010 vert det også ei endring av lærarutdanninga. Då vil denne utdanninga verte delt i to delar, med ein del som omfattar klassetrinna 1-7, og ein annan del som omfattar klassetrinna frå 5-10.

Både rekrutterings- og kompetanseproblematikken er faktorar som kan ha innverknad på val av skulestruktur i Sykkylven.

## Læringsmiljø

I vurderinga av skulestruktur og kvalitet i skulen må ein stille spørsmål om kva skulane treng for å kunne realisere Kunnskapsløftet m.o.t. læreplanar, tilpassa opplæring, tryggleik og trivsel, og eit godt læringsmiljø både fagleg, sosialt, psykisk og fysisk.

Eit godt læringsmiljø er det sentrale i tilrettelegging av ein god skule. Skulen treng dyktige lærarar og så mange vaksne at den einskilde eleven får tilfredsstillande vaksenkontakt og tilrettelagt undervisning ut frå behov og føresetnad. Sosial kontakt og impulsar er viktig for læringsprosessen. For store skular kan gjere at elevane misser oversikt, medan for små skular kan hemme sosial utvikling. Eit større sosialt og fagleg miljø har meir å seie jo eldre elevane er. Nettverk og samarbeid mellom skulane er og med på å utvikle skulane.

Det er for tida ein brei debatt i media om nedlegging og samanslåing av skular. Argumenta er både av pedagogisk og økonomisk art. Ein av dei som har uttalt seg offentleg i media er professor i pedagogikk Peder Haug ved Høgskulen i Volda. i NRK Dagsrevyen den 06.01.10 uttalte han at det vil vere mykje å hente reint pedagogisk på å skape større einingar dersom dette er praktisk mogleg m.o.t. reisetid, transport, trygg skuleveg osv. Kunnskapsløftet har tilført skulane nye og krevjande oppgåver med planlegging, dokumentasjon, vurdering m.m. Særleg er det utfordringar i forhold til auken i elevmangfaldet; dette gjeld både innvandrarar og dei etnisk norske elevane. Det blir stilt auka krav til kompetanse og fagleg nivå på lærarane. Små einingar får ikkje den kompetansen som ein treng. Alternativt kan ein oppnå pedagogisk gevinst med gode nettverk mellom skulane. Desse utsegnene vart gjentekne i samtale med sakshandsamar 12.01.10.

## Fagmiljø

Ved større einingar med mange tilsette kan ein få eit breiare fagmiljø med større grad av spisskompetanse. Det kan og vere lettare å utnytte kompetansen i personalet på ein god måte. Lærarane får arbeide i team, noko som for mange vert trekt fram som positivt. Ressursane kan utnyttast på ein fleksibel måte, både i spesialundervisning og i tilrettelegging for tilpassa opplæring.

Eit større og variert fagmiljø vil truleg også gjere det lettare å rekruttere kvalifisert personale, særleg dersom ein kan tilby gode fysiske arbeidsforhold.

## Skulebygg og læringsmiljø

Ein må også gjere vurderingar av skulebygg og det pedagogiske læringsmiljøet; i kor stor grad er bygningsmassen og uteområda ved skulane i dag eigna til å imøtekome utfordringar både i dag og i framtida med tanke på miljøretta helsevern, universell utforming og pedagogiske rammevilkår? Elevane må ha tilgang til varierte læremiddel mellom anna gjennom skulebibliotek og internett. Ein

viktig ressurs ved mange av skulane i Sykkylven er nær tilgang til friområde og natur, fleire av skulane har eige uteskuleområde.

Sykkylven kommune har mange små skular. Små skular er jamt over dyrare enn store skular. Fleire av skulane har behov for betre tilrettelegging for varierte arbeidsmåtar og ny organisering av undervisninga. God tilrettelegging av alle skuleanlegga ville vore lettare å få til om talet på skuleanlegg vart redusert.

På investerings sida vil det bli ei stor utfordring for kommunen å finansiere ei fullgod tilrettelegging av alle skuleanlegga. Det samla arealet ved alle barneskulane i dag utgjer 11 497 rutemeter. Det vil bli utarbeidd ein rapport om den bygningsmessige - og tekniske tilstanden ved skulane.

## Skulen sin plass i lokalmiljøet

Skulen har tradisjonelt sett hatt ein sentral plass i nærmiljøet. Læreplanen legg vekt på det nære samarbeidet mellom skule, heim og nærmiljø. Nærmiljøet er ein ressurs i undervisninga, og samarbeidet er med på å legge grunnlag for born og ungdom si aktive deltaking i samfunnet. Det er ikkje vanskeleg å forstå at ei sak om skulestruktur angår innbyggjarane sterkt. Dette gjeld både i sentrumsområdet og i grendene i kommunen. Saka omfattar både elevar, foreldre, personale og ei rekkje andre interesser, som t.d. grendahus, idrett, kultur, symjning, trafikktrygging og skuleskyss.

I dag reiser både barn og vaksne mellom krinsane for å delta i fritidsaktivitetar, og dei har gjerne venar og kjende over heile bygda. Borna går ofte i barnehage utanom eigen krins, Fjellsetra, Storhallen, symjehallen i Velledalen, skiløypa i Søvikdal og fotballbanene rundt om i kommunen er felles møteplassar for heile bygda. Kommunikasjonane er betre og kommunen er på mange måtar blitt "mindre" enn tidlegare, særleg etter at Sykkylvsbrua kom. Borna sitt oppvekstmiljø omfattar i dag i større grad heile kommunen. Utfordringa i åra som kjem blir truleg å skape eit godt samarbeid mellom krinsane med fokus på det heilskaplege tilbodet, og å finne kommunen sin plass i regionen.

Skulen er først og fremst ein læringsinstitusjon. Rektor og lærarane sine oppgåver er å kvalitetssikre at opplæringa som elevane får er forsvarleg. Dersom både elevtalet og den økonomiske ramma vert redusert, vil skulen kunne få problem med å oppfylle krava til eit godt læringsmiljø.

Rådmannens fokus her er kva som gir ein god og likeverdig skule for elevane. Andre konsekvensar for lokalsamfunnet kan vere gjenstand for innspel og drøftingar i den politiske handsaminga.

## Skulefritidsordning

I flg. Opplæringslova § 13-7 skal kommunen ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. Kommunen er ikkje forplikta til å opprette eit bestemt tal plassar eller til å gi tilbod ved meir enn ein av skulane i kommunen.

Det er behovet og talet på søknader frå foreldra som avgjer om det vert oppretta skulefritidsordning ved skulen. Pr. i dag er det i Sykkylven krav om min. 7 elevar i gjennomsnitt for å opprette ordninga. Det er SFO ordning ved alle skulane med unntak av Ramstaddal.

174 deltakarar pr.01.10.2009 fordeler seg slik:

Aure 28, Ullavik 29, Vik 32, Tandstad 20, Velledalen 7, Jarnes 35, Hundeidvik 23.

## Skuleskyss

Avstandane mellom skulane er relativt kort i Sykkylven:

Hundeidvik skule- Jarnes skule:	8,0 km.
Jarnes skule - Tandstad skule:	6,8 km.
Tandstad skule - Velledalen skule:	5,8 km.

Tandstad skule - Vik skule:	5,5 km.
Vik skule - Aure skule:	2,3 km.
Aure skule - Ullavik skule:	1,5 km.
Ramstaddal skule - Aure skule:	13,0 km.
Vik skule - Jarnes skule:	2,6 km.

Ulempene ved nedlegging av ein skule vil for elevane i første rekkje vere knytt til lenger reisetid og at alle elevane må ha skyss. Med dei avstandane vi har mellom skulane i Sykkylven, vil det likevel ikkje vere urimeleg å vurdere nedlegging av skular.

Eit viktig moment når det gjeld skuleskyss er at skulevegen og skyssen må vere trygg. Det er nasjonale retningsliner for tilrådd maksimal reisetid.

---

## 3. Kvalitet i skulen

---

### Definisjonar og sentrale moment i vurdering av skulestruktur

Samfunnet har gitt grunnopplæringa eit omfattande mandat som vert konkretisert i formålsparagrafen for grunnopplæringa, opplæringslova elles og føreskriftene, her under læreplanen sin generelle del, prinsippa for opplæringa og læreplanane i faga. Kvaliteten i grunnopplæringa vert kjenneteikna av i kor stor grad dei ulike måla for grunnopplæringa faktisk vert gjort til røyndom.

Vi kan vurdere kvaliteten ut i frå ulike perspektiv, t.d. struktur, prosess og resultat.

Strukturkvalitet: Med struktur meiner vi talet på skular med geografisk plassering, kapasitet og elevgrunnlag på ulike årstrinn, og gruppesamansettinga dette medfører. Strukturkvaliteten er det rammeverket som styrer oss og som utgjer styringsverktøya for skulen i kommunen, t.d. økonomiske rammer og fordeling av ressursar, om skulebygga stettar dei krava som Opplæringslova set osv.

Prosesskvalitet seier noko om arbeidsprosessar og standardar i høve dei "mjuke" verdiane som arbeidsmiljø for lærarar og elevar, kompetanseutvikling, elevmedverknad, samarbeid heim/skule osv.

Resultatkvalitet seier noko om kva mål som skal setjast for resultatoppnåing i høve nasjonale undersøkingar og prøver.

I flg. St.meld. nr. 31 (2007-2008) er mål for kvaliteten i grunnopplæringa:

- Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
- Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med kompetansebevis som godkjennast for vidare studie eller i arbeidslivet.
- Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring.

### Vurdering av kvalitet. Tenesteanalyse for grunnskulen i Sykkylven.

I løpet av 2008-2009 har Sykkylven vore med i eit effektiviseringsnettverk i regi av KS saman med fleire andre kommunar i fylket. Målsetjinga med deltakinga var å gi skuleeigar innsikt i samanhengen mellom ressursinnsats, resultat og kvalitet, og såleis gi grunnlag for framtidige vegval og avgjerder. Rapport frå arbeidet lokalt vart samla i "Tenesteanalyse for grunnskule" (datert 22.04.09) og lagt fram for både Levekårsutvalet og Kommunestyret.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre tek informasjonen som kjem fram i tenesteanalysen til vitande.
2. Sykkylven kommunestyre presiserer at dei forbetningsområda som er foreslått med mål og tiltak, bør nyttast som grunnlag for vidare planarbeid i grunnskulen.

Tenesteanalysen gir eit grundig innsyn i situasjonen. Den omhandlar både Ressursanalyse og prioriteringar, kvalitetsanalyse og til slutt konklusjon.

Utdrag frå tenesteanalysen

*"4. Konklusjon - vurdering av resultateffektivitet*


Dersom vi set læringsutbytte målt mot ressursinnsats som eit mål for resultateffektivitet, viser framstillinga ovanfor (kap. 1,2,3 i tenesteanalysen) at Sykkylven kommune har ein resultateffektiv og god skule.

Sykkylven kommune har ein ressursbruk på dei tyngste ressursindikatorane i skulen som er litt over landsgjennomsnittet, men likevel lågt i forhold til kommunane i nettverket vårt. Ressursbruken i skulen viser seg å vere særleg låg når ein ser han i høve til alderssamansetjinga i kommunen, og det viser seg dessutan at skulen år for år får ein stadig mindre del av den totale kommunale ramma.

### Tenesteprofil

I samanstillingsdiagrammet som følgjer, set ein landsgjennomsnittet for KOSTRA og nasjonale prøver til 100. For indikatorar for opplevd kvalitet er det gjennomsnitt i nettverket (Sykkylven, Fræna, Vestnes og Lesja) som er sett til 100. Kommunens score blir i % av dette snittet. Firkantane viser høgast score i nettverket.

Tenesteprofil Sykkylven kommune Tabell 4



I tenesteprofilen viser dei fire første søylene noko om ressursbiletet i skulen, medan søylene elles viser noko om kvalitet og utbytte.

Samanlikna med gjennomsnitt i landet,

- hadde Sykkylven 11 % lågare PC-tettleik i 2007
- brukte Sykkylven 4 % meir i korrigererte brutto driftsutgifter pr. elev i 2007
- brukte Sykkylven 1 % mindre til undervisningsmaterieill pr. elev i 2007
- låg Sykkylven 8 % over når det gjeld lærartettleik i 2007
  
- hadde elevane i Sykkylven gjennomsnittleg 1% høgare grunnskolepoeng
- har Sykkylven 10% høgare gjennomsnittsnivå ved nasjonale prøver i engelsk 8. trinn
- har Sykkylven 3% høgare gjennomsnittsnivå ved nasjonale prøver i engelsk 5. trinn
- har Sykkylven 10% høgare gjennomsnittsnivå ved nasjonale prøver i rekning 8. trinn
- har Sykkylven 2% høgare gjennomsnittsnivå ved nasjonale prøver i rekning 5. trinn
- har Sykkylven 7% høgare gjennomsnittsnivå ved nasjonale prøver i lesing 8. trinn
- har Sykkylven 1% høgare gjennomsnittsnivå ved nasjonale prøver i lesing 5. trinn

Samanlikna med gjennomsnittet i nettverket:

- ligg Sykkylven 2% under snittet for elevtilfredsheit på 10. trinn for valde dimensjonar.
- ligg Sykkylven 2% over snittet for elevtilfredsheit på 7. trinn for valde dimensjonar.

- ligg Sykkylven likt med snittet for foreldretilfredsheit for valde dimensjonar.
- ligg Sykkylven 1% under snittet for lærartilfredsheit for valde dimensjonar.

Kva fann vi?

Resultat av faglege prøver og framlegging av ulik statistikk basert på KOSTRA-tal, viser følgjande om grunnskulen i Sykkylven:

#### Økonomi

Skulen har tronge økonomiske rammer. Sjølv om dei økonomiske vilkåra ikkje ligg under det snittet som gjeld for landet, skulle ein kommune med ei aldersfordeling som Sykkylven brukt større del av si totale ramme på grunnskule (sjå fig. 9). Skulen har dessutan fått stadig mindre del av den totale budsjettamma dei siste åra (sjå fig. 11-12).

IT- satsinga har ikkje vore god nok for skulane i Sykkylven. Her ligg vi eit stykke etter omkringliggjande kommunar, og det er t.d. ikkje definert ein digital læringsplattform. Med dei krava som blir stilte i den nye læreplanen og dei forventningane elevane møter til eksamen, er det viktig med ei opprusting på dette feltet. Budsjettet for 2009 viser då også at kommunen har tatt opp denne utfordringa.

#### Små skular og små elevgrupper

Statistikken viser at elevane i Sykkylven blir undervist i små grupper. Dette kjem av at kommunen har heile 8 barneskular som tar seg av eit årskull på vel 100 elevar. Av dette følgjer også at skulane er svært små. Her er det likevel stor skilnad mellom skulane, og det er dessutan eit større arbeid å undervise små grupper i fådelte enn i fulldelte skular.

#### Gode tilbakemeldingar frå brukargruppa

Både dei som arbeider i skulen og dei som brukar han (elevar og foreldre) gir gode tilbakemeldingar om skulen i Sykkylven. Når det gjeld forholdet mellom trivsel, motivasjon og opplevd læringstrykk, er trivselen høgare enn motivasjon og læringstrykk. Undersøkinga stadfester altså det vi kjenner til frå nasjonale undersøkingar: norske elevar trivst godt, men er for lite motiverte for læring. Særleg ungdomsskulen har ei utfordring når det gjeld å halde oppe motivasjonen mellom elevane.

#### Godt læringsutbytte

Om vi legg resultatet frå dei nasjonale prøvene i 2007 og 2008 til grunn, ser vi at læringsutbyttet mellom elevane i Sykkylven er godt, og merkbar betre enn snittet i landet.

Dette må brukast som eit utgangspunkt og springbrett for enno betre prestasjonar og høgare faglege resultat.

#### Store ressursar til spesialundervising

Bruken av spesialundervising er høg, og kostnadane som følgjer av dette er store. Sidan resultatet på dei nasjonale prøvene ligg høgare enn landsgjennomsnittet, kunne ein kanskje tru at behovet for spesialundervising ville vere lågare enn landsgjennomsnittet, men slik er det altså ikkje. Men kanskje er det også slik at når Sykkylven kommune har få elevar i den svakaste gruppa, er det nettopp spesialundervisinga ein kan takke for dette?

Samansett oppgåve for skulen.

Skulen har mange oppgåver og arbeidsområde som ikkje er tatt med i denne framstillinga. Vi tenker då ikkje minst på dei mange omsorgsoppgåvene og det oppsøgingsansvaret som skulen har fått. I ei tid då mange andre rammefaktorar sviktar, blir ofte skulen og læraren ståande att som det siste stabile elementet i barnet sin oppvekst. Det betyr at ein ikkje må sjå seg blind berre på økonomi og faglege resultat når ein skal måle innsatsen til skulen, men også verdsetje den innsatsen som skulen gjer på oppsøgings- og omsorgsfeltet."

## Kommentarar til Tenesteanalysen


### IKT

I 2009 er det gjennomført store investeringar i både system og maskinvare. I løpet av ein toårsperiode (2009 og 2010) vil skuleverket få ein mykje betre situasjon på IKT - området. Det er m.a laga ein kommunal læreplan for digital kompetanse for heile grunnskulen i Sykkylven. Det er i tillegg kjøpt inn felles databasert administrasjonsprogram (Visma) og eit databasert kommunikasjonsverktøy, Ped It, for bruk mellom lærar og elev/ føresette. Opplæring i desse nye hjelpemidla er i gang og vil halde fram i 2010.


### Resultat av nasjonale prøver 2009

Resultata som var tatt med i tenesteanalysen var frå 2007. Resultatet har stort sett halde seg på same nivå dei tre åra prøvene har vore gjennomførte, - sjå figur under.

Tabell 5. 5. klasse (Gj.snittstal)



Tabell 6. 8. klasse (Gj.snittstal)



Tala viser likevel ein liten nedgang når det gjeld norsk lesing. Skulane vil ha spesiell fokus på dette området i arbeidet med elevane. For å kunne oppnå gode læringsresultat er det svært viktig at ressursituasjonen er slik at ein kan organisere elevane i tenelege grupper.

Tenesteanalysen seier ein del om samanhengen mellom ressursinnsats, resultat og kvalitet samanlikna med andre kommunar i nettverket og med landet elles. Analysen seier mindre om fordeling av ressursar og kvalitet mellom skulane lokalt.

---

## 4. Korleis nytte samla økonomiske rammer innanfor barneskulane optimalt?

---

Korleis vert dei samla økonomiske ressursane til barneskulane i kommunen nytta i dag?

Ved å samanlikne rekneskapen for skulane i kommunen ser ein at det er ein del forskjellar mellom skulane i kostnad pr. elev. Dei små skulane har ei forholdsvis høgare ressurstildeling pr. elev enn dei fulldelte skulane, noko som er naudsynt for at det i det heile tatt skal kunne vere forsvarleg å drive ein liten skule. Netto driftsutgifter pr. elev varierte i 2008 frå kr. 45 453,- ved den største skulen til kr. 72 836,- ved den minste skulen.

Tabell 7. Rekneskapstal 2008

Ordinær undervisning (lønn og driftsutgifter)					
Skule	Tal elevar	Brt.dr.utg	Nto.dr.utg	Nto dr/elev	Bygn/elev
Aure	185	9 217 567	8 408 827	45 453	7 174
Ullavik	140	7 132 187	6 468 684	46 205	9 399
Vik	126	6 960 654	6 677 860	52 999	9 491
Ramstaddal	23	1 995 043	1 675 219	72 836	13 551
Tandstad	84	4 728 218	4 465 491	53 161	10 788
Velledalen	39	2 688 600	2 638 437	67 652	13 030
Jarnes	105	5 432 327	4 918 416	46 842	6 926
Hundeidvik	50	3 132 812	2 836 587	56 732	9 191
Sum	752	41 287 408	38 089 521	50 651	8 979

Tabell 8. Rekneskapstal 2008

Undervisning inkludert spesialundervisning (lønn/drift undervisning og bygning)				
Skule	Nto dr.utgifter	Nto driftutg./elev	Bygg/elev	Sum/elev
Aure	9 559 122	51 671	7 174	58 845
Ullavik	7 852 876	56 092	9 399	65 491
Vik	7 400 874	58 737	9 491	68 228
Ramstaddal	1 981 888	86 169	13 551	99 720
Tandstad	5 170 421	61 553	10 788	72 340
Velledalen	3 132 454	80 319	13 030	93 349
Jarnes	6 286 721	59 874	6 926	66 800
Hundeidvik	3 433 086	68 662	9 191	77 853
Sum	44 817 442	59 598	8 979	68 576

Vaksentettleik (2009-2010) GSI pr. 1.okt.2009

Vaksentettleik er eit anna mål på ressursar pr. elev og kan uttrykkast ved


- Gjennomsnittleg gruppestorleik - elevar pr. årsverk: Faktoren gir uttrykk for kor mange elevar kvar lærar ville undervist dersom denne hadde like mange elevar rundt seg i alle timane. Eller ved
- Årsverk pr. elev (lærar og assistent).

Tabell 9

Vaksentettleik (2009/2010)			
Skule	Elev per årsverk (lærer/ass.)	Årsverk per elev (lærer/ass)	Tal elevar
Aure	12,03	0,083	186
Ullavik	12,98	0,077	146
Vik	10,36	0,096	118
Ramstaddal	6,39	0,157	23
Tandstad	9,19	0,109	73
Velledalen	7,76	0,129	35
Jarnes	9,99	0,099	109
Hundeidvik	9,29	0,093	50
Snitt	9,75	0,105	93

Tabell 10.

Årsverk pr. elev



Som ein ser er vaksentettleiken på skulane omvendt proporsjonal med elevtalet ved skulen. Ullavik skule skil seg ut med den lågaste vaksentettleiken i kommunen. Dette vil bli retta opp med den nye ressursfordelingsmodellen for 2010.

Ein lærar ved Ramstaddal skule (2 delt skule) har halvparten så mange elevar i gjennomsnitt i gruppa si samanlikna med ein lærar ved Ullavik skule, men til gjengjeld underviser læraren 3-4 årstrinn i gruppa dersom gruppa ikkje er delt i faga.

## Ny ressursmodell

Det er i 2009 laga ein ny modell for tildeling/ fordeling av ressursar til grunnskulane. Siktemålet med denne ressursmodellen er todelt,

- å få fram ressursnivået til skulane ut frå lov og regelverk med utgangspunkt i elevtal og klassesdeling  
 - tilnærma rettferdig fordeling av disponible budsjetttrammer mellom skulane. Denne modellen har vore lagt fram i Levekårsutvalet der det vart gjort slikt vedtak:

1. Ressursfordelingsmodell for løn og drift skal vere retningsgivande for fordeling av ressursane til skulane.
2. Fordeling av ressursane til skulane for 2010 vert i utgangspunktet gitt etter den prosentvise fordelinga som kjem fram i siste tabell i saksutgreiinga.

Formannskapet har og fått orientering om ressursmodellen

Tabellen under syner stillingar hausten 2009 ( pr. 01.10.09) kontra det som ville ha vore dersom ein ut frå dagens behov hadde nytta ressursmodellen fullt ut . Dette inkluderer all undervisning, , klassestyrartimar, byrdefull undervisning, seniortiltak og administrasjon.

Stillingar i dag kontra stillingar i ress.modellen. (inklusive spes.ped og No2)

	Haust 09	Modellen	Diff.
Aure skule	15,6	17,44	
Hundeidvik skule	5,2	5,7	
Jarnes skule	10,8	11,2	
Ramstaddal skule	4,06	3,81	
Tandstad skule	8,94	9,53	
Ullavik skule	11,76	14,23	
Velledalen skule	5,09	5	
Vik skule	<u>11,76</u>	<u>12</u>	
Sum:	73,21	78,92	5,71

Som ein ser har barneskulane færre stillingar enn modellen tilseier, d.v.s. ca. 5,71 stillingar. Dette er 92,7 % av det nivået Levekårsutvalet har sagt som retningsgivande. ( Dette talet vert nytta i tabellen i kap 5 for å få fram forskjellen mellom noverande nivå og alternative måtar å organisere barneskulane på)

I neste kapittel , "Ulike modellar for barneskulane i kommunen" vil vi ta utgangspunkt i denne modellen for å få fram innsparingspotensial mellom nåverande skulestruktur (8 barneskular) og ulike måtar å organisere barneskulane på.

Vi vel å ta ut "variable ressursar" som spes.ped og norsk 2 i desse samanlikningane, fordi spes.ped ressursar og ressursar til no2 er tildelt einskildelevar etter søknad og fylgjer eleven uansett kva skule eleven går på. Resten av ressursbehovet er med; - all ordinær undervisning, delingstimar, klassestyrartimar, byrdefull undervisning, seniortiltak og administrasjon.

Frå januar 2010 er den økonomiske ramma til grunnskulen fordelt prosentvis etter denne modellen.

---

## 5. Ulike modellar for organisering av barneskulane i kommunen.

---

Endringar i skulestrukturen kan gjennomførast etter mange ulike modellar. Modellane er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge: (Basert på elevtal pr. 01.10.09.).

- Modell 1 : To skular (to alternativ)
- 1A
    - a. Sentrum: Aure / Ullavik / Vik / Ramstaddal, (476 elevar). Ny skule.
    - b. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik / Tandstad / Velledalen (266 elevar)
  - 1B
    - a. Sentrum: Aure / Ullavik / Vik / Ramstaddal (476 elevar) Ny skule i tilknytning til Ullavik skule
    - b. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik / Tandstad / Velledalen (266 elevar)
- Modell 2: Tre skular ( fleire mulige alternativ)
- 2A
    - a. Aure / Ramstaddal / Ullavik (355 elevar) Ny skule i tilknytning til Ullavik
    - b. Vik skule (119 elevar) - som no
    - c. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik / Tandstad / Velledalen (266 elevar)
  - 2B
    - a. Aure / Ramstaddal / Vik (328 elevar) Ny skule
    - b. Ullavik skule (146 elevar) - som no
    - c. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik / Tandstad / Velledalen (266 elevar)
- Modell 3: Fire skular- alle fulldelte
- 3A
    - a. Aure/ Ramstaddal / Ullavik (355 elevar) Ny skule /Ullavik
    - b. Vik skule (119 elevar) - som no
    - c. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik (159 elevar)
    - d. Tandstad / Velledalen ( 107 elevar) Skulestad Tandstad
  - 3B
    - a. Aure / Ramstaddal / Vik (328 elevar) Ny skule
    - b. Ullavik skule (146 elevar) - som no
    - c. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik ( 159 elevar)
    - d. Tandstad / Velledalen (107 elevar) Skulestad Tandstad
- Modell 4: Fem skular
- 4A
    - a. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik (159 elevar)
    - b. Tandstad / Velledalen (107 elevar) Skulestad Tandstad
    - c. Aure / Ramstaddal (209 elevar) Ny skule
    - d. Ullavik (146 elevar) - som no
    - e. Vik (alt. Ramstaddal) 119 elevar (alt. 142 elevar)
- Modell 5: Åtte skular som no

## Strukturendringar og økonomi

Strukturendringar påverkar i første rekke følgjande kostnadskategoriar:

- investering / kapitalkostnader
- undervisningskostnader
- transportkostnader

I dette dokumentet - og på dette tidspunktet i saksarbeidet, må vi velje nokre indikatorar for å få fram ei enkel samanlikning mellom modellar. Vi har valt

- kostnadsanslag for investeringsbehov ved å oppgradere bygga til å stette dagens myndigheitskrav. Sentrale forskrifter som set krav til skulebygg er m.a. teknisk forskrift og forskrift om miljøretta helsevern. Desse omhandlar både bygningsmessige tiltak og tekniske anlegg. Luftbehandling, sanitæranlegg, elektrisk anlegg, heisanlegg og automatisering/styring inngår i omgrepet tekniske anlegg.
- kostnadsanslag for undervisning / ressursbehov: kor mykje ressursar /stillingar vil dei ulike modellane utløyse med utgangspunkt i "ressursmodellen", samanlikna med ressursar til dagens struktur med åtte skular utrekna etter den same ressursmodellen. Kva er innsparingspotensialet ved ulike alternativ?

Som grunnlag for utrekningar og samanlikningar mellom modellane under, er det nytta slike tal:

### Kostnadsanslag investering

Til grunn for anslag investeringskostnader for dei ulike modellane under, er elevtal pr. 01.10.09 og kostnader pr. elev ved Sørestranda skule.

Nye skulebygg: Investeringskostnadene med nye skulebygg dreier seg om ca. 500 000 kr. pr. elev basert på tal frå Sørestranda skule; 100 mill. / 200 elevar / 3 500 kv.m. Det er berekna 17,5 kvadratmeter pr. elev brutto.

Tilbygg: Ein må legge same kostnader til grunn ved tilbygg; 500 000 kr. pr. elev.

Rehabilitering: For fullstendig rehabilitering av bygg jmf. dagens myndigheitskrav og krav til standard, må ein rekne med ein kostnad på mellom 12 000-15 000 kr. kv.m. Siste samanlikningstal er Ullavik skule med 12 500 kr. pr. kv.m. I denne samanstillinga vert dette talet nytta.

### Kostnadsanslag undervisning etter ressursmodellen

Undervisningskostnader er den største kostnadsdrivaren i skulen. Faktoren vert påverka av opplæringslova, avtaleverket, busettingsmønster, geografisk plassering, skulestrukturen, kapasitet og elevgrunnlag på ulike årstrinn og valet mellom faste eller flytande opptaksgrenser.

Ressursmodellen fangar opp i seg desse faktorane, og vi kan rekne ut ei tilnærma "rettferdig" ressursfordeling mellom små og store skular. Vi tar utgangspunkt i elevtalet vi har dette skuleåret og legg inn all ordinær undervisning, delingstimar, klassestyrartimar, byrdefull undervisning, seniortiltak og administrasjon.

Timar til spesialundervisning og morsmål / særskild norsk er variablar og er ikkje tekne med. Slike timar er tildelt etter søknad og fylgjer elevane uansett kva for skule dei går på. At spesialundervisning ikkje er tatt med, påverkar difor ikkje samanlikningane mellom noverande struktur og dei ulike modellane som er sett opp. Modellane blir difor samanliknbare m.o.t. kvantiteten på ressurstildelinga i høve til skulestorleiken / elevtalet.

Spesialundervisning vil kome på "toppen" uansett kva modell ein vel, men det er all grunn til å tru at større skular vil gi stordriftsfordelar på dette feltet også.

## Kostnadsanslag transport - døme

Det er ikkje rekna særleg på transportkostnader enno. Det vil bli gjort når ein ser nærare på nokre modellar. Generelt kan ein seie at i dag er det transportkostnader ved alle skulane med unntak av Ullavik skule. Når det gjeld fylkeskommunal skyss dvs skyss over 4 km ( 2 km for 1. klasse) er det eit spleiselag mellom fylke og kommune og det vert betalt ein sats pr. elev i forhold til lengda på skulevegen.

Dersom ein må opprette ny skyss på strekningar under skyssgrensene, kostar det ekstra. Dette er skyssutgifter som kommunen må dekke fullt ut.

### DØME:

Sørestranda skule for 266 elevar

Gjennomsnittlege skyssutgifter pr. elev i dag er omlag 10.000 kr pr. år. Til ein stor Sørestranda skule vil det vere ca 165 elevar som må ha skyss til skulen i tillegg til dei som har skyss til Jarnes skule i dag.

Skuleskyss 165 elevar: 10.000 kr x 165 =	1.650.000 kr.
+ Skyssutgifter for elevane på Jarnes skule:	<u>427.000 kr.</u>
Til saman:	2.077.000 kr.
- Skyssutgifter i dag til saman:	<u>824.000 kr.</u>
Meirutgifter:	<u>= 1.253.000 kr.</u>

Dette anslaget stemmer godt overeins med berekningar frå Fjord 1 som viser til ein meirkostnad for ein stor Sørestranda skule som omfattar elevar frå Jarnes skule, Hundeidvik skule, Tandstad skule og Velledalen skule, på kr. 1.232.340,- i forhold til i dag.

### DØME 2:

Tandstad skule med 35 elevar frå Velledalen, totalt 107 elevar:

Dersom ein bruker kr. 10 000,- som gjennomsnittlege skyssutgift pr. elev, vil ei stipulert meirutgift bli slik:

Skuleskyss for 35 elevar: 10 000 kr. x 35:	350 000 kr.
+skuleskyss for Tandstad skule:	<u>352 000 kr.</u>
Til saman:	737 000 kr.
- samla skyssutgifter i dag:	<u>388 000 kr.</u>
Meirutgifter:	349 000 kr.

## Ny bruk av skulebygg

Kva dei eksisterande skulane kan nyttast til i framtida eller kva pris ein kan oppnå ved sal, må vere med i vurderinga av om ei slik investering kan lønne seg. Marknadsverdien for Aure skule er t.d. stipulert til 18 mill. Det er på dette stadiet ikkje gjort vurderingar av kva frigjorde skulebygg kan nyttast til.

## Oversikt over samla investeringsbehov, renter og avdrag og innsparingar av undervisningskostnader (etter ressursmodellen) ved ulike modellar

Tabell 11

		Invest-/rehab. Kost	Annuitet R/A 3,5 %	Lærarstill. Ress.mod.	Innsparingar lønn	Netto kostn.auke
Modell 1A	2 skular	257 700 000	12 067 391	-15,00	-8 100 000	3 967 391
Modell 1B	2 skular	185 000 000	8 663 047	-15,00	-8 100 000	563 047
Modell 2A	3 skular	145 200 000	6 799 321	-12,76	-6 890 000	-90 679
Modell 2B	3 skular	186 000 000	8 709 875	-12,28	-6 331 200	2 378 675
Modell 3A	4 skular	135 500 000	6 345 097	-7,80	-4 212 000	2 133 097
Modell 3B	4 skular	188 500 000	8 826 943	-7,22	-3 898 800	4 928 143
Modell 4	5 skular	149 500 000	7 000 679	-4,10	-2 214 000	4 786 679
Modell 5	Som no	168 300 000	7 881 032	+5,71	+ 3 085 695	10 966 727*

\*Kommentar til modell 5: Skuleåret 2009/2010 er det lågare driftsnivå på skulane enn det som ligg i ressursmodellen (- 5,71 stillingar). Vi må difor legge til kostnadene for desse stillingane for å få samanliknbare tal.

Tabell 11 er ein modell som viser innsparingar i høve til ressursmodellen. Denne viser det ressursnivået som Levekårsutvalet har sagt skal vere retningsgjevande for ressurstildevinga.

## Oversikt over innsparingar / kostnadsauke for ulike modellar samanlikna med i dag (2009)

Tabell 12

		Invest-/rehab. Kost	Annuitet R/A 3,5 %	Lærarstill. I høve til i dag	Innsparing i høve til i dag	Kostn.auke i høve til i dag
Modell 1A	2 skular	257 700 000	12 067 391	-9,29	-5 016 600	7 050 791
Modell 1B	2 skular	185 000 000	8 663 047	-9,29	-5 016 600	3 646 447
Modell 2A	3 skular	145 200 000	6 799 321	-7,05	-3 807 000	2 992 321
Modell 2B	3 skular	186 000 000	8 709 875	-6,57	-3 547 800	5 162 075
Modell 3A	4 skular	135 500 000	6 345 097	-2,09	-1 128 600	5 216 497
Modell 3B	4 skular	188 500 000	8 826 943	-1,51	-815 400	8 011 543
Modell 4	5 skular	149 500 000	7 000 679	1,61	869 400	7 870 079
Modell 5	Som no	168 300 000	7 881 032	0,00		7 881 032

Tabell 12 gir eit oversyn over innsparingar i forhold til den faktiske ressursbruken i dag. (For å finne dette må ein for alle tala i kolonne "innsparingar lønn" i tabell 11 trekke frå dei stillingane / meirkostnadene (5,71 st. = 3 085 695 kr.) som modell 5 gir).

Døme: Modell 2A - 3 skular

Renter/avdrag investering:	6 799 321 kr.
Innsparing stillingar/ løn: - 12,76 st. + 5,71 st. = -7,05 st. x 540 000 kr:	<u>-3 807 000 kr.</u>
Årleg kostnadsauke i høve til i dag:	2 992 321 kr.

For denne årlege meirkostnaden får ein tre rehabiliterte og/eller nye skular og ein undervisningsressurs i samsvar med ressursmodellen, altså ein standardheving på både bygg og undervisningsressursar.

Til samanlikning kan vi sjå på dagens modell med 8 skular:

Tabell 13

		Invest- /rehab. Kost	Annuitet R/A 3,5 %	Lærarstill. Ress.mod.	Innsparingar lønn	Netto kostn.auke
Modell 5	Som no	168 300 000	7 881 032	5,71	3 085 695	10 966 727
Modell 5	Utan auke pers.	168 300 000	7 881 032			7 881 032

Tabellen over syner at det ikkje er personalauken som kjem fram etter ressursmodellen, som medfører størst auke i kostnader. Den største kostnadsauken kjem av rehabilitering av eksisterande bygningar opp til dagens myndigheitskrav.

Kommunen må planlegge for lang tid framover. Det er umogleg å halde fram med dagens modell utan både oppgradering av skulebygg og oppgradering av ressursnivået undervisning.

Døme:

Årlege meirkostnader til rehabilitering av - og/eller nye skulebygg, og undervisningsressursar i følgje ressursmodellen:

Modell 1B:	2 skular	3 646 447 kr. (3,6 mill. i årlege meirkostnader)
Modell 2A:	3 skular	2 992 321 kr. ( 3 mill. i årlege meirkostnader)
Modell 3A:	4 skular	5 216 497 kr. (5,2 mill. i årlege meirkostnader)
Modell 5:	8 skular	10 966 727 kr. (11 mill. i årlege meirkostnader)

For ytterlegare samanlikning sjå tabell 11 s. 23.

Meirkostnader transport kjem i tillegg.

## Oppsummering

Med bakgrunn i det som er sagt i utgreiinga, meiner rådmannen at talet på barneskular i kommunen må reduserast. Med dei reiseavstandane som ein har i bygda, vil det vere naturleg å vurdere framtida for fleire skular .

Det er allereie ei vurdering på gang om samanslåing av nokre av sentrumsskulane. Dersom ein må redusere netto driftsutgifter til grunnskulen i kommunen, kan dei små skulane ikkje skjermast for innsparingstiltak. Det vil ikkje vere rett om sentrumsområdet må stå for all innsparing. Dei store skulane har allereie mykje lågare kostnader pr. elev enn dei små skulane. Skal dei minste og få-delte skulane kunne oppretthaldast på eit forsvarleg nivå, vil det bety færre delingstimar og ei sterkt redusert tilpassa opplæring ved dei største skulane.

Elevtalet går ned i kommunen, særleg i Ramstaddal, Tandstad og Hundeidvik. Dette gjer at utgiftene pr. elev truleg vert høgare enn i dag. Også i delar av sentrumsområdet går elevtalet ned. Dersom dei små skulane må klare seg med like låge driftsutgifter som dei større skulane, vil det gå ut over kvaliteten på undervisninga slik at det mest sannsynleg ikkje vil vere grunnlag for drift.

Dersom ein må vurdere ytterlegare innsparingar på driftsbudsjettet, meiner rådmannen at ein reduksjon i talet på skulebygg vil vere betre enn å redusere på kvaliteten i skulen. Færre bygg og mindre areal vil gi lågare driftskostnader over tid.

Som ein kan sjå av tabell på førre side, er noverande strukturmodell ikkje i samsvar med den økonomiske røyndomen for skulen i dag. Enten må ein ha større einingar og nytte midlane på ein meir effektiv måte, eller så må det gjerast ei omfordeling av kommunen sine samla rammer for å kunne gi eit forsvarleg undervisningstilbod til alle elevar.

Politikarane må ta stilling til korleis strukturen skal vere både på kort og lang sikt. Skulen treng stabile tilhøve. Kommunestyret må seie noko om kor mange skular det skal vere i kommunen, og kvar desse skulane skal lokaliserast. Ein bør også sette eit tal på kor få elevar ein skule kan ha før skulen si framtid vert gjenstand for ny vurdering.

Slike avklaringar er avgjerande for ei god planlegging både økonomisk og personalmessig. Høg alder i lærargruppa i dag vil føre til at mange i dei næraste åra vil gå av med pensjon. Endringar i personalsituasjonen kan over litt tid skje ved naturleg avgang slik at ein unngår oppseiingar.

Det er viktig for endringsmotivasjonen at sparte midlar ved eventuell ny skulestruktur kan bli i skulen og nyttast til å sikre gode og stabile rammevilkår til ein skule for framtida.

## Føringar for val av struktur

Det ligg i dag ikkje føre nokon politiske føringar for den framtidige skulestrukturen. Det næraste må vere

*OU-prosjektet (2005) sine føringar for administrativ organisering i kommunen, m.a. :*

- *Etablere ei heilskapleg leiing og avslutte sektororienteringa*
- *Delegere fullmakt og ansvar og sette tydelege resultatkrav til leiarar*
- *Gjennomføre strukturendringar og forenkle, særleg innanfor skule*
- *Resultateiningar av ein viss storleik, 25-35 årsverk, for å sikre "robuste, dynamiske og fleksible einingar, og at det kan skje både rotasjon og utvikling av kompetanse innfor eininga".*

Det vart foreslått å organisere skular og barnehagar i fire oppvekstsenter, noko som ikkje vart vedteke. Ein skulle kome tilbake til skulestrukturen seinare.

Rådmannen er samd i at resultateiningar av ein viss storleik er gunstig også i skulen, Større einingar vil ha pedagogiske, sosiale, rekrutteringsmessige og økonomiske fordelar for både elevar og tilsette. Det vil også redusere talet på einingsleiarar frå 8 til 2-3-eller 4 avhengig av val av modell.

Etter førebelse vurderingar foreslår rådmannen at :

- Fulldelte skular bør leggest til grunn for skulestrukturen i kommunen
- Tre av modellane vert vurderte som meir aktuelle enn dei andre (ikkje i prioritert rekkefølge):

Modell 1B: To skular

a. Sentrum: Aure / Ullavik / Vik / Ramstaddal (476 elevar)

b. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik / Tandstad / Velledalen (266 elevar)

Kommentar: Dette alternativet inneber ein ny sentrumsskule i tilknytning til Ullavik skule. Eit vilkår er at stor nok tomt kan skaffast. I Opplæringslova heiter det at "det til vanleg ikkje bør skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar". Dette er ikkje ei absolutt grense, men ein skule kan bli for stor og uoversiktleg for dei minste.

Sjølv om det pr. i dag synest å bli ein reduksjon i elevtalet dei komande åra, er det i sentrumsområdet ein kan vente seg størst folkeauke i framtida, jmf. kommuneplanen. Sørestranda skule er planlagt for 200 elevar. Samla elevtal for Jarnes, Hundeidvik, Tandstad og Velledalen er 266, eit høveleg elevtal for ein skule både pedagogisk, sosialt og økonomisk. Ei utviding er fullt mulig, det er då hovudsakleg elevarealet som må utvidast. Uteområdet er stort nok for 266 elevar og kan også gi rom for ytterlegare vekst seinare.

Årlege meirkostnader til rehabilitering av - og/eller nye skulebygg og undervisningsressursar i følgje ressursmodellen for denne modellen er 3,6 mill.

Anslag meirkostnader transport:

a. Meirkostnader for Ramstaddal skule stipulert til ca. 122 000 kr. Skyssutgifter for elevar ved Aure skule og Vik skule er avhengig av lokalisering m.m. (Aure skule har i dag skyssutgifter på 457.000 kr og Vik skule har i dag skyssutgifter på 40.000 kr. Ein må rekne med noko meir enn dette, m.a for elevar i 1. klasse som har 2 km skyssgrense.)

b. Stipulert til ca. 1 253 000 kr.

Modell 2A: Tre skular

a. Aure / Ramstaddal / Ullavik (355 elevar)

b. Vik skule som no (119 elevar)

c. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik / Tandstad / Velledalen (266 elevar)

Kommentar: I denne modellen er Vik skule med. To skular i sentrumsområdet synest meir framtidsretta enn berre ein. Dersom det skulle bli ein folkevekst som avvik frå prognosane, kan ein om ynskjeleg utvide Vik skule. Det er planlagt nye bustadfelt i området, og om ikkje mange år vil truleg nye generasjonar / barnefamiljar ta over eigedomar i dei store byggjefelta frå 70- talet.

Vik skule er strategisk plassert i det utvida sentrumsområdet, mellom Aure / Ullavik og Sørestranda skule. Det er såleis mulig at Vik skule også kan fungere som ein slag "forsterka skule" og gi særskilde tilbod for elevar frå alle skulane ved behov (t.d. norskopplæring for innvandrarar).

Ved å byggje ny skule for Aure i tilknytning til Ullavik skule, kan ein få utnytte dei investeringane som allereie er gjort ved Ullavik skule. Skulen blir passe stor, med eller utan elevane frå Ramstaddal. Oversynet viser at denne modellen er den økonomisk gunstigaste, men den er etter rådmannens vurdering også ei eining av høveleg storleik sett ut frå eit pedagogisk perspektiv.

Årlege meirkostnader til rehabilitering av - og/eller nye skulebygg og undervisningsressursar i følgje ressursmodellen er ca. 3 mill.kr.

Anslag meirkostnader transport:

- a. Meirkostnader Ramstaddal skule stipulert til ca.122 000 kr. (Aure skule har i dag skyssutgifter på 457.000 kr Ein må rekne med litt meir enn dette, m.a for elevar i 1. klasse som har 2 km skyssgrense.)
- b. Ingen endring
- c. Meirkostnad ca. 1 253 000 kr.

Modell 3A: Fire skular

- a. Aure / Ramstaddal / Ullavik (355 elevar)
- b. Vik skule som no (119 elevar)
- c. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik (159 elevar)
- d. Tandstad / Velledalen ( 107 elevar)

Kommentarar: I denne modellen er Tandstad / Velledalen med som ei eining. Elevtalet er pr. i dag samla 107 og heilt marginalt i høve til fulldeling. Ein reduksjon i elevtalet til ca. 82 i 2014 vil ikkje oppfylle krava til fulldeling.

Ny sentrumsskule i tilknytning til Ullavik skule er det rimelegaste alternativet i sentrum.

Argumenta for å oppretthalde Vik skule er dei same som nemnt tidlegare.

Sørestranda skule, som er planlagt for 200 elevar, vil i denne modellen ikkje få full utnytting av kapasiteten (159 elevar)

Årlege meirkostnader til rehabilitering av - og/eller nye skulebygg og undervisningsressursar i følgje ressursmodellen er 5,2 mill.kr.

Anslag meirkostnader transport:

- a. Meirkostnad Ramstaddal skule er stip. til 122 000 kr. (Aure skule har i dag skyssutgifter på 457.000 kr Ein må rekne med litt meir enn dette, m.a for elevar i 1. klasse som har 2 km skyssgrense.)
- b. Ingen endring
- c. Meirkostnad stip. til 200 000 kr.
- d. Meirkostnad stip. til 350 000 kr.

Til samanlikning for alle modellane:

Modell 5: 8 skular - som i dag, vil gi årlege meirkostnader til rehabilitering av - og/eller nye skulebygg og undervisningsressursar i følgje ressursmodellen på 11 mill. kr.

Transportkostnader 2009:

Totalt for alle barneskulane fordelt slik:	1.464.000
Aure skule:	456.000
Hundeidvik skule:	4.600
Jarnes skule:	427.000
Ramstaddal skule	115.000
Tandstad skule:	352.000
Ullavik skule:	33.600
Velledalen skule	35.500
Vik skule:	40.300

# VEDLEGG

## VEDLEGG 1

Grunnlagsmateriale for kostnadsanslag, jmf. tabell 11.  
Kommentarar til utrekningane.

Modell 1: To store skular

### Alternativ 1 A:

a. Ein ny stor sentrumsskule (Aure / Ramstaddal / Ullavik / Vik) vil bli ein svært stor skule (475 elevar). Ein ny skule må byggjast på ei ny tomt sentralt i høve til alle skulane.

b. Sørestranda skule er dimensjonert for 200 elevar, og kostnadsrekna til 100 mill. inkl. moms. Kostnader pr. elev ved utviding kan bli noko lågare då det spesielt er elevarealet som må utvidast. Vi stipulerer kostnaden på elevarealet til 300 000 kr. pr. elev:  
+ 66 elevar x 300 000 kr. = 20 mill.

Investeringskostnader:

### Alternativ 1 A:

a. Ny sentrumsskule for 475 elevar x 500 000 kr.	237,5 mill.
b. Utvide Sørestranda skule for 66 nye elevar	<u>20,0 mill</u>
	257,5 mill.

### Alternativ 1 B: Ny stor sentrumsskule i tilknytning til Ullavik skule (om stor nok tomt kan skaffast)

Investeringskostnader alt. 1B:

a. Ny sentrumsskule i tilknytning til Ullavik skule-nybygg for 330 elevar x 500 000 kr.	165 mill.
b. Utvide Sørestranda skule for 66 nye elevar	<u>20 mill.</u>
	185 mill.

Undervisningskostnader/-stillingar (alt. 1A og 1B) - innsparingar:

Stor sentrumsskule: (Aure, Ramstaddal, Ullavik, Vik)	32,04 st
Kvar for seg: 14,98 + 3,23 + 11,58 + 10,00 =	39,79 st
Stor Sørestranda skule: (Jarnes, Hundeidvik, Tandstad, Velledalen)	19,04 st
Kvar for seg: 9,2 + 4,9 + 7,68 + 4,5 =	26,28 st
Kvar for seg: 39,79 + 26,28 =	66,07 st.
To store skular: 32,04 + 19,04 =	51,08 st
Innsparing: 66,07 - 51,08 = 15,00 st x 540 000 kr. =	8 100 000 kr

## Modell 2 : Tre fulldelte skular

### Alternativ 2A:

- Samanslåing av Aure, Ullavik og Ramstaddal (355 elevar) . Nybygg i samband med Ullavik skule, elevane frå Aure og Ramstaddal vert flytta dit (210 elevar)
- Vik skule som no ( 119 elevar),
- Utvide ny Sørestranda skule til å inkludere Jarnes, Hundeidvik, Tandstad og Velledalen. ( 266 elevar)

#### Investeringskostnader :

Skule a: Utvide Ullavik skule for 210 nye elevar : kr. 500 000 x 210=	105,0 mill.
Skule b: Rehabilitering Vik skule, 12 500 kr. x 1610 kv.m =	20,2 mill.
Skule c: Utvide Sørestranda skule med 66 elevar til 266:	<u>20,0 mill</u>
Sum:	145,2 mill.

#### Undervisningskostnader / -stillingar, innsparing Alt 2 A:

Sentrumsskule: (Aure / Ramstaddal / Ullavik:)	24,27 st
Kvar for seg: 14,98 + 3,23 + 11,58 =	29,79 st
Vik skule:	10,00 st
Stor Sørestranda skule: (Jarnes / Hundeidvik / Tandstad / Velledalen)	19,04 st
Kvar for seg: 9,2 + 4,9 + 7,68 + 4,5 =	26,28 st

Totalt alt 2 A = 24,27 + 19,04 + 10,00 = 53,31 st  
Kvar for seg: = 29,79 + 26,28 + 10,00 = 66,07 st

Innsparing: 66,07 - 53,31 = 12,76 st x 540 000 kr.= 6 890 400 kr.

### Alternativ 2B:

- Ny skule for Aure, Vik og Ramstaddal ( 328 elevar x 500 000 kr.)
- Ullavik skule som no ( 146 elevar), rehabilitert 2005 og 2009
- Utvide ny Sørestranda skule til å inkludere Jarnes, Hundeidvik, Tandstad og Velledalen. ( pluss 66 elevar)

#### Investeringskostnader:

a. Ny skule for 328 elevar x 500 000 kr. =	164 mill.
b. Ullavik skule: Rehabilitering i 2005 og 2009, utbetring	2 mill.
c. Utvide Sørestranda skule med 66 elevar til 266:	<u>20 mill.</u>
Sum:	186 mill.

#### Undervisningskostnader/-stillingar. innsparingar:

Sentrumsskule:( Aure / Ramstaddal / Vik)	23,17 st
Ullavik:	11,58 st
Stor Sørestranda skule: (Jarnes, Hundeidvik, Tandstad, Velledalen)	<u>19,04 st</u>
Totalt:	53,79 st
Kvar for seg:	66,07 st

Innsparing: 66,07 - 53,79 = 12,28 st x 540 000 kr.= 6 631 200 kr.

### Modell 3: Fire fulldelte skular

#### Alternativ 3A

- a. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik (159)
- b. Tandstad / Velledalen ( 107\*)
- c. Aure / Ullavik (305)
- d. Vik / Ramstaddal (142)

#### Investeringskostnader:

- a. Sørestranda skule ca. 200 elevar: Jarnes/Hundeidvik
- b. Skulestad Tandstad: rehabilitering 1185 m x 15 000 kr. = 18 mill.  
Tilbygg stip. 150 m x 28 500 kr. = 4,5 mill. 22,5 mill.
- c. Aure / Ullavik , tilbygg for 186 elevar x 550 000 kr.= 93,0 mill.
- d. Vik skule / Ramstaddal - rehabilitering 1610 m x 12 000 kr. = 20,0 mill.
- Sum: 135,5 mill.

#### Undervisningskostnader / -stillingar, innsparingar:

Sørestranda skule: (Jarnes / Hundeidvik):	14,10 st
Tandstad / Velledalen:	10,00 st
Sentrumsskule:( Aure / Ullavik):	23,27 st
Vik / Ramstaddal:	<u>10,90 st.</u>
Totalt:	58,27 st

Kvar for seg : 66,07 st

Innsparing:  $66,07 - 58,27 = 7,8$  st x 540 000 kr. = 4 212 000 kr.

#### Alternativ 3B

- a. Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik (159)
- b. Tandstad / Velledalen (107)
- c. Aure/ Ramstaddal / Vik (328)
- d. Ullavik (146)

#### Investeringskostnader:

- a. Sørestranda skule 200 elevar
- b. Tandstad / Velledalen- tilbygg/ rehabilitering 22,5 mill.
- c. Ny skule i sentrum 328 elevar x 500 000 kr.: 164,0 mill.
- d. Ullavik skule - utbetring: 2,0 mill.
- Sum: 188,5 mill.

#### Undervisningskostnader / -stillingar, innsparingar:

Sørestranda skule (Jarnes / Hundeidvik):	14,10 st
Tandstad / Velledalen :	10,00 st
Sentrumsskule: (Aure / Ramstaddal / Vik):	23,17 st
Ullavik:	<u>11,58 st</u>
Totalt:	58,85 st

Kvar for seg: 66,07 st

Innsparing:  $66,07$  st. -  $58,85$  st.=  $7,22$  st x 540 000 kr.= 3 898 800 kr.

#### Modell 4: Fem fulldelte skular

- a. Sørestranda skule: Jarnes/ Hundeidvik (159)
- b. Tandstad / Velledalen (107\*) Elevtalet er heilt på grensa/under grensa for fulldeling.
- c. Aure / Ramstaddal (209)
- d. Ullavik (146)
- e. Vik (Ramstaddal) 119 (142)

#### Investeringskostnader:

a. Sørestranda skule 200 elevar:	
b. Tandstad / Velledalen: tilbygg/utbetring	22,5 mill.
c. Aure / Ramstaddal: ny skule 210 elevar:	105,0 mill.
d. Ullavik skule: utbetring	2,0 mill.
e. Vik skule: rehabilitering 1610 m x 12 000 kr.	<u>20,0 mill.</u>
Sum:	149,5 mill.

#### Undervisningskostnader / -stillingar, innsparingar :

Sørestranda skule: Jarnes / Hundeidvik	14,10 st
Tandstad / Velledalen:	10,00 st
Aure / Ramstaddal:	16,29 st
Ullavik :	11,58 st
Vik :	<u>10,00 st</u>
Totalt: :	61,97 st

Kvar for seg: 66,07 st

Innsparing: 66,07st. - 61,97st. = 4,10 st. x 540 000 kr.= 2 214 000 kr.

#### Modell - 5: Som no 8 skular- til samanlikning

#### Investeringskostnader:

Aure skule: ny skule 186 elevar x 500 000 kr.:	93,0 mill.
Ullavik skule- nesten ferdig rehabilitert :	2,0 mill. **
Vik skule: rehabilitering 1610 m x kr. 12 500:	20,1 mill.
Ramstaddal skule- i god stand:	
Tandstad skule: rehabilitering 1185 m x kr. 12 500 og tilbygg 150 m x 28 500 kr.:	19,1 mill.
Velledalen: Rehabilitering 731 m x kr. 12 500:	9,1 mill.
Hundeidvik skule: Rehabilitering kr.15 000 x 500 m: .	7,5 mill. * (alt. nybygg 25 mill.)
	150,8 mill.
alt. nybygg Hundeidvik + 17,5 mill.	<u>17,5 mill.</u>
	168,3 mill.

\*Det kan vere svært vanskeleg å oppfylle krav til universell utforming i eksisterande bygg Hundeidvik skule pga nivåskilnader. Ein ny skule for 50 elevar vil innebere ein investeringskostnad på 25 mill.

\*\*Ullavik skule er no utvida med det gamle "treningscenteret" som er oppgradert til god standard. Ein reknar med at Ullavik skule som vart utbeta i 2005 og i 2009 no kan reknast som rehabilitert. Noko utbetringar må reknast med vidare, 2 mill er lagt inn i kostnadsanslaget.

Undervisningskostnader / stillingar:

Aure skule:	14,98 st.
Ullavik skule:	11,58 st.
Vik skule:	10,00 st.
Ramstaddal skule:	3,23 st.
Tandstad skule:	7,68 st.
Velledalen skule:	4,50 st.
Jarnes skule:	9,20 st.
Hundeidvik skule:	<u>4,90 st.</u>
	66,07 st.

Ingen innsparing på undervisning. Meirkostnader 5,71 st. jmfr. modell tilsvarer : +kr. 3 085 695

For samla oversyn sjå tabell 11.

NB. I alle modellane kjem Sørestranda skule 100 mill. i tillegg ( vedteken finansiert).

